

Referat frå FAU- møte Motland skule onsdag 23.11.16

Til stades: Ann-Kristin (1. trinn), Jane (2. trinn), Silje (3. trinn), Ina (4. trinn), Frank (5. trinn), Anne Kjersti (6. trinn), Hege Iren (7. trinn), Rune (rektor)

Saker:

Ny organisering av skuleveka frå august 2017

Jærskulen har eit ønskje om at alle skulane skal ha kort tysdag slik at lærarane kan ha samarbeid på tvers av kommunane. Det er gode argument for å ha kort tysdag, for å sikre skuleutvikling i nettverk på tvers av skular/ kommunar. Det kjem som ei følgje av samarbeidet i Jærskulen, intensjonane er gode, og målet er betre læring for elevane.

Endring til kortare tysdag betyr at skulane på Nærbø må samarbeide om å finne ei ny organisering av skuleveka. Rektorgruppa har begynt å sjå på ulike modellar. Det er viktig at skulane har lik organisering pga. regelverk kring skyss.

Rektor informerte om bakgrunnen for saka, og forklarte kvifor vi allereie etter to år med ny organisering av skuleveka, blir førespeilte ny organisering. Han ønskja og å høyre kva tankar FAU har kring korleis vi skal organisere skuledagen når tysdagen skal vere kortare enn no.

Det er kun to år sidan vi fekk ny organisering av skuleveka, med endring frå fire til fem skuledagar for dei yngste elevane. Det er kome reaksjonar frå foreldre om at det ikkje er gunstig med endring no igjen. Rektor forklarte bakgrunnen for at det blir slik, og for at vi ikkje endra til tysdag allereie for to år sidan, då resten av skulane i Jærskulen gjorde det. Informasjonen om at Jærskulen ynskja felles plantid for lærarane på tysdagar var ikkje til stades då det vart beslutta at vi skulle over på to korte dagar, måndag og onsdag, for 1.- 2. trinn. At det var eit ynskje kom fram først *etter* at Nærbøskulane i dialog med alle FAUa var ferdige med å organisere endringa til femdagarsveke. Ein var ikkje klare for å gjere endringane og «leggje kabalen» på ny då. Foreldra blei og høyrde på at ein ynskja å ha onsdagen som ein av dei korte dagane framleis, onsdagen har «sterke tradisjonar» her i Hå. To år er gått, og ein ser at ein held på tysdag som kort i Jærskulen. Skuleleiinga i kommunen har gitt beskjed om at Nærbøskulane også skal følgje etter. Derfor trur ikkje rektor at det er vits å ta nokon «kamp» om å ikkje ha kortare tysdag. Det FAU oppmodast til å meine noko om, er korleis vi skal organisere skuleveka, med ein kortare tysdag for alle elevane.

Fylkeskommunen betalar skuleskyss. Dei reknar Nærbø som ei bygd. Skulane må difor samkøyre skyssen. Skulane i bygda får to midtskyss. No er midtskyssen måndag (ca kl 11 for 1.-2. trinn) og onsdag (ca kl 11 for 1.- 7. trinn). Om ein vil ha fleire midtskyss, må kommunen sjølv betale for det. Talet på midtskyss er del av rammene ein må ta omsyn til når ein legg opp ny organisering av skuleveka. Altså kan ikkje barneskulane slutte noko tidlegare t.d. fire dagar i veka, då det ville medføre meir midtskyss.

Vi drøfta korleis forslaga til ny organisering kan påverke behovet for tid i SFO. Sikre kan vi ikkje vere, men kanskje kan tre-kvart dagar føre til at fleire treng SFO? Ein elev kan t.d. gå heim og vente på foreldra kl 14, mens det kanskje blir for lenge om han går heim kl 12.30, og eleven må då i SFO.

Rektorgruppa har sett på ulike forslag til organisering av skuleveka. Variantar av skuleveker organiserte med ein/to halve dagar eller med to dagar med tre økter for alle elevane, og ein halv for dei yngste, er dei som er mest aktuelle.

1. Forslag halve dagar:

Mån	Tys	Ons	Tors	Fre
	Kort dag alle trinn		A.Kort dag for 1.-2.?	B. Kort dag for 1.-2.?

Alle elevane har fri dei to siste øktene tysdag. I tillegg har 1. og 2. fri anten A eller B. Kva betyr det for foreldra om dei har fri torsdagen eller fredagen? Er ein av dagane å føretrekke? Kvifor?

2. Forslag trekvartdagar:

Mån	Tys	Ons	Tors	Fre
1.-2. fri				
	12.30- fri alle trinn		12.30- fri alle trinn	

Alle elevane går to dagar med 3 økter, og elles fulle dagar. I tillegg har 1. og 2. trinn fri ein halv dag. Plassering av alle desse kan varierast, kun tysdag står fast. (Kan altså t.d. ha trekvart onsdag eller fredag? Eller halv for 1.-2. onsdag?)

Vi i FAU ser argument for og imot begge, og har ikkje klart fleirtal for hverken det eine eller andre alternativet.

Høyring: vi ynskjer innspel frå foreldre anten dei er for eller imot å endre på dagar. Ofte er det naturleg nok dei foreldra som er imot forslag som lar høyre frå seg. Vi høyrer gjerne frå dei som er for og! Er foreldra for forslag 1 eller 2? Kva dagar skal dei andre «friøktene vere? Argument for/ imot? Referat frå møtet blir lagt på heimesida, med link frå it's Learning. Foreldre oppmodast til å ta kontakt med FAU-representant for sine trinn, melding, mail eller direkte. Vi ynskjer ikkje diskusjon på Facebook.

Vi drøfter saka vidare i neste FAU- møte, og førebur så representantane Frank og Ann-Kristin kan legge fram FAU sine tankar på SU-møte.

Skulane har som mål å ha på plass ny plan for rett over nyttår, slik at alle har tid til å varsle arbeidsgivar i god tid før endringane trer i kraft (skuleåret 17/18).

Reglar for selskap

Vi i FAU oppmodar foreldre til å halde på å invitere alle i gruppa/ romet (eller slik ein har avtalt på foreldremøta på trinnet) ut barneskulen, ikkje berre til dei fyller 10 år. Dersom ein vel å ha selskap kor ein ikkje har med alle, må ein invitere utanom skulen. Det er mykje makt

i ein invitasjon, og det er vondt å bli ekskludert. Følg med, bruk vett, sjå til at det ikkje berre er nokre få elevar som ikkje er inviterte.

Eventuelt

Onsdag 30.11. kl 18- 20, aulaen på Bø skule, er det felles inspirasjonssamling om Partnerskap mot mobbing med foredrag av Marco Elsafadi. Alle i FAU er inviterte!

Nærbø 23.11.16,

Ina B Vigre, sekretær FAU Motland skule